



Sak: Tilsyn med kommunal beredskapsplikt

Vår dato: 10.09.2019

Vår ref.:
2019/592 350

Stord kommune
Kommunenr. 1221

Tilsynsleiar: Haavard Stensvand, fylkesberedskapssjef

Rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt

Innleiing

Fylkesmannen gjennomførte 19.06.2019 tilsyn med kommunal beredskapsplikt i Stord kommune.

Heimel, føremål og avgrensingar

Tilsynet vart gjennomført med heimel i [§ 29 i lov av 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret \(sivilbeskyttelseslova\)](#) og [§ 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt av 22. august 2011](#).

Føremålet var å kontrollere om kommunen etterlever krav i lov og forskrift om oppfølging av kommunal beredskapsplikt, jf. §§ 14 og 15 i sivilbeskyttelseslova og i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynsrapporten omhandlar dei avvik og forbetningspunkt som vart avdekte under tilsynet. Den gir ikkje ei fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet kommunen gjer på samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid. Den er såleis heller ikkje ei evaluering av evna som kommunen har til å handtere uønskete hendingar.

Hovudinstrykk

Stord kommune viste god forståing for temaa som vart tatt opp under tilsynet. Kommunen er oppteken av samfunnstryggleik og beredskap, og har gjort eit omfattande og systematisk arbeid med beredskapssystemet. Kommunen legg vekt på å samarbeide og samvirke med andre relevante aktørar i dette arbeidet. Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen er planlagt å skulle reviderast ferdig i løpet av 2020.

Det er ikkje avdekt avvik etter krav i lov og forskrift. Stord kommune har nokre forbetningspunkt i oppfølginga av kommunal beredskapsplikt.



Deltakarar

Haavard Stensvand og Lene Stavseng representerte Fylkesmannen.

Desse vart intervjuet individuelt:

- Gaute S. Epland (ordfører)
- Magnus Mjør (rådmann)
- Knut J. Gram (kommunalsjef helse og omsorg og beredskapsansvarlig) og Frode S. Lillerud (beredskapskontakt)

I tillegg til dei ovannemnte, var følgjande med på opningsmøte, fellesintervju og sluttmøte:

- Jan Ove Anthun (brannmester)
- Lars Helge Sørheim (kommunelege)
- Mariann J Hilt (kommunalsjef oppvekst og kultur)
- Trygve Dahl (berre opningsmøtet)

Definisjonar

Avvik: Brot på etterleving av krav i lov og forskrift om kommunal beredskapsplikt og forskrifta til denne.

Merknad: Funn som Fylkesmannen meiner det er grunn til å peike på for å sikre forbetring i oppfølginga av beredskapsplikta.

Resultat

Avvik:

Det er ikkje avdekt avvik etter krav i lov og forskrift.

Merknader:

Følgjande forbetningspunkt vart avdekt under tilsynet:

Merknad 1

Den heilskaplege ROS-analysen bør ved neste revisjon bli meir spesifikk i kartlegginga og vurderingane av kva konkrete konsekvensar uønskte hendingar kan få for kritiske samfunnsfunksjonar (oppgåver som må oppretthaldast for å ivareta tryggleiken til innbyggjarane), og kva evne kommunen har til å oppretthalde verksemda si ved uønskte hendingar, jf. § 2 d) og e) i forskrifta. Det gjeld til dømes vurderingar av kva evne kommunen har til å gi pleie- og omsorgstenester under ulike typar påkjenningar.

Vi tilrår kommunen å omtale meir utfyllande i ROS-analysen kva følgjer ein del uønskte hendingar kan få for kommunen som organisasjon, særleg om kva som vert oppgåvene til kommuneleiinga. I



den noverande ROS-analysen er det til dømes ikkje synleggjort om kommuneleiinga må rekne med å verte involvert dersom det skulle skje ein tunnelbrann eller ei ulykke på flyplassen, og i så fall kva oppgåver som er aktuelle.

ROS-analysen bør i større grad spesifisere kva førebyggjande tiltak som kan vere aktuelle innanfor ulike risikoområde.

ROS-analysen bør òg i større grad synleggjere kva som er gjort av kartleggingar og vurderingar av sårbarheit i allereie utbygde område.

Merknad 2

Planen for krisekommunikasjon (med befolkninga, eigne tilsette og media) bør kome tydelegare fram i beredskapsplanen. Kommunen bør vurdere å oppdatere malen sin for pressemeldingar og inkludere eit påminning om at informasjon òg må nå fram til dei med anna morsmål enn norsk. Det bør òg vurderast å omtale grensesnittet i informasjonsarbeidet mellom kommunen og politiet/naudetatane (kven uttalar seg om kva).

Dokumentasjon

Følgande skriftlege dokument er innsendt som grunnlag for tilsynet:

- Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS) Revidert 2014 Stord og Fitjar
- Overordna beredskapsplan for Stord kommune med vedlegg. Lenke til planen er motteken.
- Beredskapsplan vassforsyning, 08.08.17
- Plan for Helse og omsorgsberedskap i Stord kommune, versj.4, juli - 2012
- Beredskapsgruppa sine møtereferat, 29.11.2017, 11.05.2018, 20.11.2018 og 27.11.2018
- Smittevernplan for Stord kommune, versjon 2.0
- Samordningsplan for rehabilitering, helse og omsorg (RHO)
- Oversikt over øvingar i perioden 2009 – 2018. Inkludert dreiebok og evalueringsrapportar i vedlegg 001-017.
- Kommunal planstrategi 2016-2020 for Stord kommune, september 2016
- Kommuneplan for Stord kommune 2010 – 2021, utdrag side 12 – 17 og vedlegg 1 Føresegner og retningslinjer for kommuneplanen 2010-2021.
- Tenesteavtale 11. samarbeidsavtale Helse Fonna
- Referat frå møte mellom Somatisk klinikk Stord og Stord kommune, 09.02.2018
- Øvingsrapport 2018 – unntatt offentlegheit § 24. 3.ledd, jfr. Forskrift om sikring av havneanlegg § 13
- Arrangement handbok for utandørsarrangement i Stord kommune, 13.03.2019
- Andre rutinar i samband med beredskaps vassforsyning
- Agenda hamnesikringsmøte og hamnesikringsøvelse 2018